



Foreldrearbeidsutvalet Lærdalsøyri skule
<faulaerdal@gmail.com>

Manglande symjeundervisning i kroppsøving for mellomtrinnet og ungdomstrinnet

Foreldrearbeidsutvalet Lærdalsøyri skule
<faulaerdal@gmail.com>

18. september 2011
23:47

Til: Post Lærdal kommune <post@laerdal.kommune.no>, Eva Hage Solstad
<eva.hage.solstad@laerdal.kommune.no>

Kopi: Johan Nes <johan.nes@hydro.com>, Johan Nes <johan.nes@lardalsnett.no>

FAU ved Lærdalsøyri skule
(epost faulaerdal@gmail.com)

Heimeside: www.faulaerdal.wordpress.com

Lærdal kommune (post@laerdal.kommune.no)
v/rektor (eva.hage.solstad@laerdal.kommune.no)

(NB! Vert berre sendt som e-post)

Manglande symjeundervisning i kroppsøving for mellomtrinnet og ungdomstrinnet

FAU har i møte den 15. september drøfta gjennom sak som omhandlar manglande skuletilbod i symjing for mellomtrinnet og ungdomstrinnet ved Lærdalsøyri skule.

FAU er kritiske til at skulen frå i haust har valgt ei slik løysing. Me er bekymra for at elevane ikkje får fulgt opp og halde vedlike basis symjedugleik.

Me som foreldre er ikkje gitt noko informasjon om at symjeundervisninga gjennom badetilbodet er tatt vekk frå mellomtrinnet og ungdomstrinnet. Det kjem ikkje eingong fram av timeplanen for ungane våre at dette tilbodet er tatt vekk frå faget 'kroppsøving'. Saka har heller ikkje vore drøfta eller orientert om til FAU eller SU.

FAU tykkjer det er leit at me som foreldrearbeidsutval (brukarar av skuletenestene) ikkje får høve til å uttale oss i ei så viktig sak. Vidare er me kritiske til manglande informasjon og grunngjeving for kva som er årsaka til at dette tilbodet er tatt vekk.

Me ynskjer såleis å retta ein førespurnad til skuleleiinga om kva som er årsaka til at tilbodet er tatt vekk, og vidare kva som er grunnen for at skulen vel å ikkje orientere oss foreldre om saka. FAU ynskjer også ei orientering om på kva grunnlag skulen no vil foreta vurdering av 'symjedugleik' i faget 'kroppsøving', jfr opplæringslova § 3-3.

Med helsing

FAU ved Lærdalsøyri skule
v/Hadle Blikra, leiar

Kopi: - SU v/leiar

Følg med på arbeidet til FAU på heimesida vår: www.faulaerdal.wordpress.com

 Ver venleg og tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten
